

Vidareutdanninga ved IF – status hausten 2019

Institutt for framandspråk (IF) har for tida vidareutdanningstilbod på faga arabisk, engelsk, fransk, kinesisk og spansk. Vidareutdanning er eit samlenamn for kurs som gjev studiepoeng, og som er retta mot personar som allereie er ferdige med førstegongsutdanninga si. Ofte blir vidareutdanninga gitt som nettbasert fjernundervisning. Vidareutdanninga på engelsk (ENGMAU) skil seg vesentleg frå resten av vidareutdanninga på IF og er dekkja gjennom faste stillingar finansierte over dei ordinære budsjettløyningane. ENGMAU er derfor ikkje inkludert i dette oversynet.

IF er i ein fase med store endringar og viktige nysatsingar på vidareutdanningsfeltet. Instituttet har hausten 2019 søkt Diku¹ om støtte frå «Kompetanse for kvalitet» (Kfk) til nye treårige kurs for lærarar på tysk og fransk, i tillegg til at vi har søkt om vidareføring av spansk-tilbodet på denne ordninga. Dessutan arbeider instituttet med fleire andre søknader om utviklingsstøtte frå Diku: til eit nytt nettbasert tilbod på japansk (Nettjapansk), til vidareutvikling av Nettarabisk og til integrering av undervisninga for ordinære studentar og vidareutdanningsstudentar på spansk, fransk og tysk 100-nivå.

I administrasjonen ved IF arbeider Ingvild Nilssen med etter- og vidareutdanning. Arbeidet med vidareutvikling av tilbodet og etablering av nye tilbod blir gjort i samarbeid med m.a. fakultetet og UiB Vidare.

Gjennomgangen nedanfor har hovudfokus på finansiering, rekruttering, omstilling og nye satsingar.

Arabisk

Tilbod

Nettarabisk har to emne, ARA621 og ARA622, på femten studiepoeng kvar.

Lærarkrefter

Ein av dei fast tilsette lærarane på faget, Esmira Nahhri, har ei stilling som er delt likt mellom Nettarabisk og det ordinære tilbodet på faget.

Økonomi

Kursa er finansierte gjennom studentbetaling, og kvar student må ut med 15 000 kroner for eit emne på 15 studiepoeng. Halve stillinga til Nahhri vert dekkja av inntektene (dvs. studentbetalinga) på Nettarabisk, og dette er hovudutgiftsposten i budsjettet. Studenttilstrøyminga har så langt vore god, og ved utgangen av 2018 hadde prosjektet eit oppsamla overskot på 203 000 kroner. Studenttalet på faget er godt i 2019, slik at Nettarabisk vil gå med eit visst overskot i år òg.

Nettarabisk har dessutan ståande ein udisponert rest på 75 000 kroner frå utviklingsdelen av prosjektet, og denne må sannsynlegvis betalast tilbake til Diku.

Planar framover:

¹ Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (www.diku.no)

- Det er planar om å søkja Diku-støtte til vidareutvikling av Nettarabisk til søknadsfristen hausten 2020.

Fransk

Tilbod

Det studieførebuaende sommarkurset i Caen, FRAN600 (10 studiepoeng).

Lærarkrefter

Undervist av lærarkrefter i Caen.

Økonomi

Kvar student betalar 9000 kroner for kurset. Studiesenteret i Caen fakturerer deretter IF for utgifter til kurset, og instituttet går nokolunde i balanse. IF tek seg ikkje betalt for administrativ oppfølging, og det ligg ikkje noko økonomisk incitament for instituttet i dette kurset.

Planar framover

- IF har hausten 2019 sendt inn søknad om støtte frå Diku til å utvikla og gjennomføra to franskkurs innanfor «Kompetanse for kvalitet». Får vi tilslag på søknaden, skal tilbodet utviklast våren 2020 og gjennomførast i treårsperioden H2020-V2023 (eventuelt med to tilleggsår). Dei to kursa er nettbaserte og gjev 15 studiepoeng kvar. Målgruppa er lærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Opplegget svarar til tilbodet innanfor Kompetanse for kvalitet (Kfk) instituttet allereie har på spansk, og finansieringa er god.
- Instituttet jobbar med ein søknad til DIKU i 2020 for å leggja om 100-nivået på fransk-, tysk- og spanskfaget til meir aktive undervisningsformer, som har seminargrupper både på campus og på nettet. Ein slik fleksibel modell vil integrera den ordinære undervisninga med eit tilbod som òg rettar seg mot typiske vidareutdanningsstudentar. Slik kan IF ta ein større del av den studentmassen som no søkjer seg til fleksible kurs ved andre lærestader, eller som ikkje har noko slikt tilbod. Tilbodet vil vera gratis, og vi reknar med å få ein vekst i studenttalet som òg vil gje auka inntekter frå studiepoeng.

Japansk

Tilbod

Ingen kurs per i dag.

Planar framover

- Instituttet søkjer Diku om støtte til å utvikla det nye vidareutdanningstilbodet Nettjapansk, dvs. to emne på 15 studiepoeng kvar. Søknadsfristen er 22. oktober. Eit nytt undervisningstilbod vil kunna starta opp i 2021. Dei fast tilsette lærarane på japanskfaget har allereie mykje undervisning på det ordinære emnetilbodet, og derfor må det ekstra lærarkrefter inn for å undervisa på eit nytt nettbasert tilbod. Nettjapansk bør kunna finansierast gjennom studentbetaling på same måte som Nettarabisk.

Kinesisk

Tilbod

To nettbaserte emne på 100-nivå (KIN623 og KIN624), der kvart emne gjev 15 studiepoeng.

Lærarkrefter

Tilbudet vert gitt i samarbeid med Bergen Konfutse-institutt (BKI), og dei fast tilsette på kinesiskfaget ved UiB underviser ikkje på vidareutdanninga.

Økonomi

Kinesisk vidareutdanning baserer seg på studentbetaling, og inntektene er små sidan det er få studentar. Samstundes er det nesten gratis for instituttet å gjennomføra kursa (om ein ser bort frå ei viss administrativ oppfølging) fordi undervisninga er gitt av eksterne lærarar som verken fakultetet eller instituttet betalar for. Ved utgangen av 2018 hadde prosjektet eit oppsamla overskot på 214 000 kroner. Dette er samla opp over fleire år. IF og BKI deler overskotet frå desse kursa, og bortimot halvparten av det oppsamla overskotet skal overførast til BKI.

Spansk

Tilbod

Instituttet har eit omfattande vidareutdanningstilbod på spanskfaget. *Nettspansk* har fire emne på 100-nivå (SLAN611, SLAN612, SLAN613 og SLAN614) og tre på 200-nivå (SLAN640, SLAN641 og SLAN642). Kvart emne er på 15 studiepoeng. I tillegg har instituttet ansvaret for spansktilbodet for lærarar innanfor «Kompetanse for kvalitet», Spansk 1, dvs. dei to emna SPANSK621 og SPANSK622 (15 studiepoeng kvar).

Lærarkrefter

Fem fast tilsette lærarar i til saman 120 prosent stilling tek seg av undervisninga på Nettspansk og Kompetanse for kvalitet: Mihaela Kvamme i 50% stilling, Ellen Høisæter i 20%, Håkon Tveit i 20%, Hans-Erik Bugge i 20% og Maria José Sanchez Olsen i 10%. Alle desse fem er i utgangspunktet tilsette for å undervisa på Nettspansk. Men sidan studenttalet er kraftig redusert på Nettspansk dei seinare åra, underviser fleire av lærarane på Kfk, og det har i tillegg vore mogleg å setja av tid i stillingane til vidare utvikling av vidareutdanninga i spansk.

Økonomi

Etter 2018 hadde Nettspansk eit samla underskot på 507 000 kroner. Kfk hadde eit samla overskot på 435 000 kroner. Trenden vil halda fram i 2019. Kfk er eit velfinansiert tilbod som vil gje eit overskot. Nettspansk har få studentar og vil gå med underskot. Så lenge vi har begge desse to kursa parallelt, og dei lever i ein slags symbiose, er det rimeleg å bruka overskotet frå Kfk til å sanera underskot på Nettspansk. I tillegg har instituttet planar om å integrera Nettspansk i det ordinære undervisningstilbodet (sjå nedanfor), og dette vil vonleg slå positivt ut gjennom høgare studenttal og ditto resultatfinansiering.

Planar framover

- IF har søkt om ein ny treårsperiode med Kompetanse for kvalitet på spanskfaget, dvs. H2020-V2023 (eventuelt med to tilleggsår). Dette vil i så fall bli siste periode før Kfk-ordninga vert avvikla.
- Instituttet jobbar med en søknad til DIKU i 2020 for å leggja om 100-nivået på fransk-, tysk- og spanskfaget til meir aktive undervisningsformer, som har seminargrupper både på campus og på nettet. Ein slik fleksibel modell vil integrera den ordinære undervisninga med eit tilbod som òg rettar seg mot typiske vidareutdanningsstudentar. Slik kan IF ta ein større del av den studentmassen som no søker seg til fleksible kurs ved andre lærestader. I denne modellen vil med andre ord alle studentane vera «ordinære» studentar, og studentbetalinga blir avvikla for fjernstudentane (tidlegare Nettspansk). Dette vil ha to store fordelar. For det første reknar vi med ein kraftig auke i studenttalet, slik ein ser på andre gratistilbod for fjernstudentar på spansk. Dermed vil den resultatbaserte finansieringa frå studiepoeng auka. For det andre er det usikkert om dagens modell for studentbetaling juridisk sett vil vera akseptabel framover utan store endringar. Denne problemstillinga er ikkje lenger aktuell om alle studentane vert ordinære studentar, men med litt ulike typar seminarundervisning.

Tysk


Tilbod

Ingen kurs per i dag.

Planar framover

- IF har hausten 2019 sendt inn søknad om støtte frå Diku til å utvikla og gjennomføra to tyskkurs innanfor «Kompetanse for kvalitet». Får vi tilslag på søknaden, skal tilbodet utviklast våren 2020 og gjennomførast i treårsperioden H2020-V2023 (eventuelt med to tilleggsår). Dei to kursa er nettbaserte og gjev 15 studiepoeng kvar. Målgruppa er lærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Opplegget svarar til Kfk-tilbodet instituttet allereie har på spansk, og finansieringa er god.
- Instituttet jobbar med ein søknad til DIKU i 2020 for å leggja om 100-nivået på fransk-, tysk- og spanskfaget til meir aktive undervisningsformer, som har seminargrupper både på campus og på nettet. Ein slik fleksibel modell vil integrera den ordinære undervisninga med eit tilbod som òg rettar seg mot typiske vidareutdanningsstudentar. Slik kan IF ta ein større del av den studentmassen som no søker seg til fleksible kurs ved andre lærestader, eller som ikkje har noko slikt tilbod. Tilbodet vil vera gratis for studentane, men gje auka inntening gjennom studiepoeng.


Alt i alt er Institutt for framandspråk eit av dei mest aktive miljøa innanfor vidareutdanning ved UiB. Arbeidet med dette feltet er prioritert av instituttleiar, og instituttet har starta opp nye tilbod dei siste åra (Nettarabisk og Kfk spansk). Ikkje minst har vi greidd å omstilla oss på spansk, der instituttet har fleire fast tilsette lærarar i prosentstillingar, og der det nye tilbodet innan Kfk i stor grad har kompensert for nedgangen i studenttal (og inntekter) på Nettspansk. Den samla økonomien i vidareutdanninga ved IF går òg i balanse, men marginane er små. Tek ein overskotet på Nettarabisk, kinesisk og Kfk spansk ved utgangen av 2018 og reduserer med underskotet på Nettspansk, står det att ein pluss. Dette samla overskotet er lite sett i lys av at inntektene på kursa ber oppe til saman 2,2 faste stillingar. Økonomien i vidareutdanninga er derfor under kontroll, men sårbar p.g.a. svingingar i både studenttal og tilslag på oppdragskurs (Kfk). Det viktigaste kjenneteiknet ved vidareutdanninga på instituttet i 2019 er likevel den offensive satsinga på å søkja finansiering til og utvikla nye tilbod.



Framstillinga over viser avlagte studiepoeng på vidareutdanninga ved IF rekna om til årseiningar på 60 studiepoeng.

Utfordringar framover

Vidareutdanninga ved instituttet har møtt mange utfordringar. Studentrekrutteringa har svinga, og Nettspansk, som ein gong hadde mange studentar og genererte store inntekter, har krympa drastisk. Innanfor spanskfaget har vi møtt tevling frå vidareutdanningar som tilbyr undervisninga gratis. Enkelte tilbod innan vidareutdanninga vår er dessutan blitt avvikla etter kort tid (italiensk), og i eitt tilfelle måtte vi gje opp eit utviklingsprosjekt etter at vi hadde fått pengar til prosjektet (tysk). Endå meir krevjande var det, ikkje minst for dei det galdt, då det for nokre år sidan vart vurdert om vi måtte seia opp lærarar på Nettspansk på grunn av svikten i studenttilstrøyminga.



Søylena viser kor mange studentar som takka ja til plass på emne innanfor dei ulike vidareutdannings-tilboda ved instituttet. Dersom ein student følgjer to emne samstundes, t.d. to emne på Nettspansk, tel vedkomande som to studentar i dette oversynet.

Vidareutdanninga ved IF har med andre ord ikkje berre vore ei solskinshistorie. Det har likevel vore ei suksesshistorie, ikkje minst fordi instituttet har satsa på dette feltet, vi har kompetente og engasjerte lærarar og vi har administrativ støtte.

Framover er det fleire utfordringar å gripa fatt i:

(1) Balanse i økonomien

Vidareutdanninga ved IF er basert på eit prinsipp om sjølvfinansiering, og det er berre unntaksvis vi kan bruka stillingar finansierte over den vanlege grunnløyvinga til å driva desse kursa. Hovudmodellen er at inntektene frå desse kursa skal dekkja utgiftene på vidareutdanninga. Inntektene kjem anten i form av overføringar frå Utdanningsdirektoratet (Kfk) eller som betaling frå studentane

(dei andre kursa). Den store utgiftsposten er løn til dei til saman 2,2 faste stillingane vidareutdanninga i dag finansierer: Halve stillinga til Esmira Nahhri er finansiert av Nettarabisk, alle dei fem stillingane på Nettspansk er finansierte av Nettspansk/Kfk spansk, og halve stillinga til studiekonsulent Ingvild Nilssen er finansiert av ulike vidareutdanningstilbod. Det er først og fremst to ting vi kan gjera for å styrka økonomien. Det eine er å etablere nye kurs med god inntening. Kfk-kurs har god finansiering, og instituttet har søkt om slike kurs på både spansk, tysk og fransk for ein ny periode. Eit nytt tilbod Nettjapansk bør òg kunna få gode studenttal og bra inntening. Det andre grepet er å betra rekrutteringa og økonomien i eksisterande kurs. Ei integrering av det noverande Nettspansk i det ordinære spansktilbodet, slik som skissert ovanfor, vil kunna gje eit gratistilbod til fjernstudentar og dermed nye resultatinntekter basert på studiepoeng.

Økonomien i vidareutdanninga IF ved utgangen av 2018	
Nettarabisk	203 487
Kinesisk	115 000
Nettspansk	-506 575
Kfk spansk	435 000
Uspesifisert	79 807
Samla resultat	326 719

(2) Rekruttering av studentar

Det er naturleg at tilstrøyminga av studentar til eit tilbod svingar. Låge studenttal kan gjera eit emne eller eit heilt kurstilbod for dyrt å gjennomføra. I slike tilfelle er det ikkje uvanleg at instituttet legg enkeltemne på is eit semester, slik vi har gjort med emne på Nettspansk og kinesisk. På sikt kan konsekvensen bli permanent nedlegging av eit tilbod. Nye, attraktive tilbod vil sjølvstøtt trekkja nye studentgrupper til vidareutdanninga ved instituttet. Like viktig er det å sjå på rekrutteringa til eksisterande tilbod som «står i stampe». Den viktigaste utfordringa her er Nettspansk, som i mange år trekte til seg store studentgrupper og gav store inntekter. I dag har vi konkurranse frå gratistilbod som rekrutterer mange studentar, medan betalingstilbodet Nettspansk har minimal rekruttering til 100-nivået. Ei integrering mellom fjernstudium (utan betaling) og ordinært studium vil kunna gje IF ein langt større del av denne studentgruppa, og auka den studiepoengbaserte resultatfinansieringa.

(3) Faste stillingar

Det er eit viktig prinsipp at faste oppgåver skal utførast av fast tilsette. Slik er det i hovudsak på vidareutdanninga ved IF i dag. Faste stillingar er ein krevjande modell når studenttalet går nedover og arbeidsoppgåver forsvinn. Samstundes viser erfaringane frå Nettspansk at faste stillingar er ein kreativ og viktig ressurs når instituttet skal satsa på å utvikla nye tilbod som Kfk. Dersom instituttet får etablert eit nytt vidareutdanningstilbod i Nettjapansk, og dersom

rekrutteringa blir tilfredsstillande, bør ein etter kvart sikra at det vert gjennomført av fast tilsette i heil eller deltidsstilling.

(4) Kurs utanfor interessefeltet?

Det er naturleg at IF utviklar tilbod basert på eigne ressursar for å møte behov i samfunnet. Men det hender at tilbod kjem rekande på ei fjøl. Slik var det med det studieførebuande franskkurset i Caen, som tidlegare vart gitt av SIU (som no er ein del av DIKU). Instituttet fekk spørsmål om å ta ansvaret for kurset, takka ja og gav kurset for første gong i 2017.

Undervisninga er i Caen og involverer ikkje lærarar frå IF. For IF går dette tilbodet så vidt i økonomisk balanse. Sjølv om kurset møter eit reelt behov hjå norske studentar, er det grunn til å spørja om det er naturleg at IF har ansvaret for dette og eventuelt liknande kurs som i beste fall er svært laust knytt til fagmiljøet og prioriteringane ved instituttet.

Arve Kjell Uthaug,

16. oktober 2019